



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
083/24	Formannskapet	16.05.2024

Uttale frå Sunnfjord kommune - konsesjon Selselva kraft AS

Vedtak i Formannskapet 16.05.2024:

Sunnfjord kommune kan ikkje tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 840 og HRV på kote 841, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s.

- Den allereie eksisterande utbygginga i Selselva gir relativt godt energiutbytte, vurdert opp mot storleiken på vassdraget. Endringane vil ikkje vil auke kraftproduksjonen nemneverdig og berre gje ein helt marginal energigevinst.
- Dam vil bli etablert i eit sårbart høgfjellsområde med store lokale, regionale og nasjonale brukarinteresser. Den vil bli synleg frå rute til Kvamshesten og frå andre stadar i fjellområdet
- Omdømme/og popularitet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak er urørt
- Det er risiko for at arten Kystflope kan misse leveområde. Reduksjon av vassføring og tap av flaumar vil ha innverknad på arten sine leveområde

Konsesjonssøknaden har på fleire av desse områder manglande vurderingar.

Kommunen ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Søkt løysing har konsekvensar som samla peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Selselva kraft AS, bør sjå mot alternative løysingar innanfor arealbruken til dagens kraftverk.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing/vurdering og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune kan ikkje tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 840 og HRV på kote 841, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s.

- Dam vil bli etablert i eit sårbart høgfjellsområde med store lokale, regionale og nasjonale brukarinteresser. Den vil bli synleg frå rute til Kvamshesten og frå andre stadar i fjellområdet
- Omdømme/og populæritet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka
- Ut over tiltak som tilrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep
- Selsvatnet ligg sentralt i Sunnfjord kommune sin del av fjellområdet som er inkludert i Fjordkysten Regional og Geopark. Området har store geologiske verdiar. Det er søkt om Unesco status på parken
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak er urørt
- Det er risiko for at arten Kystflope kan misse leveområde. Reduksjon av vassføring og tap av flaumar vil ha innverknad på arten sine leveområde

Konsesjonsøknaden har på fleire av desse områder manglande vurderingar.

Kommunen ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Søkt løysing har konsekvensar som samla peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Selselva kraft AS, bør sjå mot alternative løysingar innanfor arealbruken til dagens kraftverk.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing/vurdering og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

(Dersom formannskapet ønskjer å tilrå konsesjon, finn de framlegg til ordlyd for eit slikt vedtak til slutt i saksutgreiinga)

Bakgrunn for saka

NVE har mottatt søknad frå Selselva kraft AS om løyve etter vassressurslova til å regulere Selsvatnet mellom kote 840 og 841, og til å auke den maksimale slukeevna i Selselva kraftverk.

Søknaden er no sendt på høyring til parter, deriblant Sunnfjord kommune. Høyringsfrist er sett til 19.04.2024. Sunnfjord kommune har fått utsett høyringsfrist til 18.05.2024.

NVE ber om synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Dei ynskjer også grunngjevne forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle verknader ved gjennomføringa av prosjektet.

Saksutgreiing



Kommunedirektøren vil her gi ein presentasjon av søknaden og annan motteken informasjon knytt til saka. Teknisk drift har gjeve ein eigen uttale m.o.t. kommunalt vassverk, sjå vedlegg. Tekst og illustrasjonar er henta frå søknad med vedlegg. Søknad med rapport om konsekvensar for naturmangfald ligg vedlagt for samla innsyn og detaljar:

"Sammendrag Selselva Kraft AS søker konsesjon for å øke slukeevnen i Selselva kraftverk fra 1.05m³ /s til 1.3m³ /s, samt å regulere Selsvatnet aktivt med inntil 1 m. Slukeevnen økes ved å modifisere eksisterende peltonturbin. Det kreves ingen endring av tilløpsrør.

Selsvatnet, som ligger ca.600m oppstrøms eksisterende kraftverksinntak, søkes regulert aktivt med inntil 1 m, opp fra nåværende normalnivå. Magasinet vil romme i overkant av 640 000m³ , nok til ca. 10.7 døgns drift av kraftverket. Reguleringen har til hovedhensikt å minske flomtapet over inntaksdammen, men vil også bli benyttet til døgnoptimalisering. Reguleringsdammen vil bli utstyrt med arrangement for minstevannføring, til bruk i periodene hvor luken blir lukket for å samle vann. Selve terskelen vil bli inntil 80 m i utstrekning. Det er ikke behov for nye veier.

Tiltaket vil i et middelår øke produksjonen i Selselva kraftverk med 3.3GWh, til en utbyggingspris av 2.17kroner/kWh.

Vannføringsregimet vil endres på strekningen mellom Selsvatnet og kraftverksinntaket. På fallstrekningen mellom inntak og kraftstasjon vil vannføringen i sum bli noe mindre. Det er registrert 2 rødlistearter langs vannstrengen, kystflope og faksjøkelmose. Begge artene er i kategorien nær truet. Selve vannstrengen i Selselva inngår i den nær truede naturtypen elvevannmasser. Det er hekkende kongeørn i området. Det vil derfor ikke bli utført tyngre anleggsarbeid i perioden mars – mai. Det er ikke registrert automatisk fredete kulturminner innenfor tiltaksområdet. Området ved Selsvatnet er lite brukt, men reguleringsdammen vil kunne ses fra deler av turløypa som går til det kjente turmålet Kvamshesten. Det er mange småkraftverk i drift i denne regionen, og søker mener derfor at tiltakets bidrag til samlet belastning er beskjedent."


Samandrag frå rapport om konsekvensar for naturmangfald, kap 6 vedlegg nr 2:

"Beskrivelse av oppdraget: Foreliggende rapport presenterer resultatene fra kartlegging av naturmangfold i forbindelse med regulering av Selsvatnet og endring av vannføring i Selselva. Resultatene vurderes opp mot tiltaket og dets konsekvenser for naturmangfoldet. Kartleggingen er gjennomført av Knut Børge Strøm. Oppdragsgiver er Enestor AS. Kontaktperson for oppdragsgiver har vært Steinar Faanes.

Datagrunnlag: Rapporten bygges i stor grad på data innhentet av Knut Børge Strøm under befaring av området 21. september 2021. I tillegg er data innhentet ved søk i tilgjengelige databaser og rapporter. Noe data er også hentet fra konsekvensutredningen fra 2006.

Resultat: To NiN-naturtyper (Fjellhei og Boreal hei) og én annen rødlistet naturtype (Elvevannmasser [NT – nær truet]) ble registrert. Tiltakets påvirkning på naturtypen fjellhei er vurdert til Ubetydelig. Boreal hei blir ikke berørt, og er derfor ikke vurdert. For selve elven, dvs. naturtypen Elvevannmasser, vurderes påvirkningsgraden til Forringet. Av arter ble det registrert to rødlistearter: mosene kystflope *Heterocladium wulfsbergii* (NT) som vokser ved elva, og fakskjølmose *Arctoa fulvella* (NT) som vokser på store steinblokker øverst i vassdraget. Tiltakets påvirkning på kystflope er vurdert til Forringet, mens det er vurdert som ubetydelig for fakskjølmose. Kongeørn vil bli ubetydelig påvirket forutsatt at det unngås å utføre anleggsarbeid i sensitiv periode i hekketiden.

Konsekvens: I følge brukt metodikk, vil tiltaket føre til Ubetydelig miljøskade (0) på naturtypen fjellhei og Betydelig miljøskade (-) på rødlistearten kystflope. Elvevannmassene Selselva utgjør er vurdert å få Noe miljøskade (-), mens kongeørn og rødlistearten kjølfaksmose vil få Ubetydelig miljøskade (0). Samlet sett vurderes konsekvensen for tiltaket til Noe negativt (-)."



Figur 6 Prinsippskisse dam




Figur 2.1. Beliggenhet av tiltaksområdet. Inntak og kraftstasjon for eksisterende Selselva kraftverk er tegnet inn på kartet. Kilde: Enestor AS.

Om eigarforhold, kap 2.5:

“Rettslig tvist angående rettigheter rundt Selsvatnet er avgjort med rettskraftig dom fra lagmannsretten 25.09.2023 i grunneierne på Selselva kraftverk sin favør. Grunneierne på Selselva har rettighetene på restfallet fra Selsvatnet ned til dagens inntak og eiendom der dam planlegges.”

Andre opplysningar knytt til eigarforhold:

Kommunedirektøren har blitt kontakta av ein av grunneigarane i Selsvatnet. Det er oversendt ein e-post med, mellom anna eit notat “Prosess Selselva Kraft AS etter 2021”. Dokumentet ligg vedlagt. Kommunedirektøren har også fått tilsendt Avgjerd dom i Jordskifteretten og dom i ankesak i lagmannsretten (25.09..2023).



Kartskisse som syner eigedomsgrensene i domsslutning.

Vurdering

Kort oppsumert så handlar ei vidare utbygging om å utnytte flaumtap. Ei utbygging av søkt løysing vil kunne auke produksjonen i kraftverket frå årleg middelproduksjon 18,7 GWh til kring 22 GWh. Ei endring på kring 3 GWh. For å få til dette (søkt løysing) må det etablerast ein reguleringsdam på 80-85 meter i høgfjellet ved utlaupet på Selsvatnet. Selselva, vil frå utlaupet i Selsvatnet og ned til dagens kraftstasjon få endra vassføring.

Kommunedirektøren ser behov for å gå inn på nokre forhold. Det gjeld eigedomstilhøve, sjølv rapporten om konsekvensar for naturmangfald, naturmangfald, brukarinteresser/friluftsliv og alternativ utbygging.

Eigedomstilhøve-/interesser:

Det føreligg rettskraftig dom frå Lagmannsretten som avklarar eigarforholda i og kring Selsvatnet. Søkjar har også synt til dette i kap 2.5. Kommunedirektøren finn ikkje at det i søknaden er opplyst noko om avtaler mellom eigar av Selselva Kraft AS og grunneigarar på

restfallet ned til søkjar sitt inntak, for området der dam er planlagt etablert eller i og kring Selsvatnet.

Dette er privatrettslege tilhøve. Kommunedirektøren ser ikkje at kommunen skal ta stilling til privatrettslege tilhøve. Som omtalt i saksutgreiinga, så ligg det ved eit notat frå ein av grunneigarane i felleseiget for gnr 222, 223 og 224. Notatet tek mellom anna opp privatrettslege forhold. Det blir referert til dialog med NVE. NVE svarar der følgjande: «*Status pr. nå, er at saka er på høyring med høyringsfrist 19. april 2024. Sjå her. Vi vil anbefale at dykk sender inn eit eige høyringsfråsegn ang. det du skriv i e-posten under og ev. andre moment som er relevant for saka. I utgangspunktet er det slik at søkjar skal ha varsle alle grunneigarar som blir råka av ei ev. utbygging. Det vil òg bli arrangert ei synfaring i byrjinga av juni. Alle høyringspartar vil bli invitert til denne synfaringa. Generelt er det ein føresetnad om at alt det privatrettslege er avklara. Så lenge det privatrettslege ikkje er avklara, er det heller ikkje mogleg å bygge/regulere*»
NVE

Rapport om naturmangfald:

Kommunedirektøren har merka seg nokre uheldige tilhøve, som kan svekke tilliten til arbeidet som er utført. I kap 1 og 2.1 blir det vist til at Selsvatnet og Selselva ligg i Sunndal kommune, Møre og Romsdal. Fast toppetekst på rapporten syner også til Sunndal kommune. Vonaleg handlar dette i stor grad om gjennbruk av tekstmal frå tidlegare rapportar. Innhaldet i rapporten, framstår samla sett som grundig og rett geografisk plassert, med unntak av kap 4.5, der det står følgjande: *Elg, rådyr og hjort forekommer i regionen og benytter trolig også tiltaks- og influensområdet i varierende grad. Mindre pattedyr som rødrev, ekorn, mår og hare (NT) forekommer trolig også.*

Pr. i dag, er det ikkje elg eller rådyr i Sunnfjord kommune. Det er sannsyn for at dette gjeld Sunndal kommune. Tiltaksområdet ligg derimot innanfor Sunnfjord villreinområde (ytte delområde) og det har vore observasjonar av rein i området. Rein er ikkje omtalt i rapporten. Spørsmålet er om rapporten inneheld fleire faktafeil. Ansvar for innhald og kvalitetsikring av innhald i søkand ligg til tiltakshavar/søkjar. Kommunedirektøren meiner NVE må følgje dette opp mot søkjar og gje dei høve til å svare ut/gjennomføre ein kvalitetssjekk av rapporten. Rapporten er ein vesentleg del av grunnlaget for konsesjonshandsaming.

Naturmangfald:

I rapport om konsekvensar for naturmangfald (dagens metodikk) er samla vurdering at ei utbygging vil ende ut med konsekvens "Noe negativt". For naturtypen "elvevannmasser" (raudlista NT nært trua) vert resultatet forringa og for arten Kystfloke (raudlista NT nært trua), vert resultatet "betydelig miljøskade".

For Selselva (elvevassmassar) er verdsetting sett lågt. Grunnlag for slik verdsetting, er at tilstanden på den aktuelle elvestrekningen er svekka av tidlegare regulering. Kommunedirektøren har ikkje merknader til metodikk. Det er likevel slik at i dag, frå inntaket til Selselva kraftverk og opp til Selsvatnet, ein strekning på om lag 600 m, så er elva/elvevassmassane ikkje påverka av tidlegare regulering. Som omtalt i søknaden vil ei aktiv regulering (luke) i periodar føre til stor variasjon i vassføringa frå vatnet til inntaket. Frå inntaket til kraftstasjonen vil vassføringa generelt bli mindre.

Kystfloke (middels verdi) blei funne ved to lokalitetar langs elva. rapporten syner også til at den er registret tidlegare lenger nede i vassdraget og at sannsynet er stort for at den finst fleire stadar langs elvestrekket. Denne arten sitt leveområde er i elvane si flaumsone like over normal vassstand. Rapporten syner til stor usikkerheit knytt til kva arten tåler av redusert vassføring. Det vi veit er at ei vidare utbygging vil redusere/regulere flaumane i elva og då ha innverknad på arten sitt vekstområde i større grad enn i dag.

Brukarinteresser/landskap og friluftsliv:

Selsvatnet ligg (840 moh) sentralt i eit kjendt fjellområde i Sunnfjord. Fjellområdet framstår som urørt utan tekniske inngrep. Elvestrekninga frå eksisterande inntak og opp til Selsvatnet er om lag 600 meter og framstår i dag som også som urørt.

Søknaden omtalar generelt lite om desse tema. Søkjar si eiga vurdering av konsekvens, er at utbygginga sin verknad er "liten negativ!". Søknaden inneheld ikkje informasjon om vurderingar frå kartlagde og verdsette friluftslivsområde. Selsvatnet ligg i friluftsområde [Blægja](#), og grensar til friluftslivsområde [Hestane](#). Begge områda har fått verdien «Svært viktig friluftslivsområde». Område rundt Selsvatnet er ikkje det som er mest nytta i friluftsliv samanheng, og det går ikkje merka stiar opp i dette område. Selsvatnet er godt synleg frå stien opp til Kvamshesten/Storehesten, og tiltaket kring inntaksdammen (80 meter terskel) vil bli synleg. Dette er omtalt i søknaden. Regulering av vasstand på 1 meter, vil på sikt truleg kunne bli synleg frå Storehesten. Område Hestane har stor brukarfrekvens og stor symbolverdi. Det er også høg grad av tilrettelegging for friluftslivet til Storehesten, og mange opplevelseskvalitetar. Det er også ofte besøkt av regionale og nasjonale brukarar.

Området har store geologiske verdiar, og er inkludert i Fjordkysten Regional og Geopark. Det er søkt om Unesco status på parken, og i samband med dette vil det blir sett opp informasjonsskilt om geologiske verdiar opp mot Storehesten, frå parkeringa på Rytnane og ved Skaraly. Område vil kunne få auka merksemd og besøk. Brukarinteressene omfattar også geologiske verdiar.

Alternativ utbygging:

Om fordelar og ulemper med søkt løysing skriv søkjar følgjande (kap. 2.4): "Fordeler: Det produseres elektrisk kraft på en svært kostnadseffektiv måte. Døgn- og ukeoptimalisering bidrar til å jevne ut pristoppene når etterspørselen er på sitt høyeste. Ulemper: Aktiv regulering med luke gjør at elva over en strekning på ca. 600 m tidvis vil få stor variasjon i vannføring."

Søkjar skriv om alternative løysingar (kap. 3.18): "Det er i forprosjektet gjort avveiningar mellom, a) økning av slukeevne, eventuelt ny turbin og generator, for å redusere flomtapet, og b) magasinere noe av flommene i Selsvatnet. Et stort magasin med tilsvarende høy reguleringsdam i Selsvatnet ville minsket behovet for økning av slukeevne, men ville vært et større inngrep i naturen. Motsatt ville en stor økning av slukeevne medført ny maskininstallasjon og ny vannvei, med store kostnader. Søker har derfor konkludert med at en forsiktig oppdemming av Selsvatnet kombinert med en oppgradering av eksisterende turbin er en god totalløsning, miljømessig og bedriftsøkonomisk"

Kommunedirektøren er kjent med at det er mange småkraftverk som etter noko driftstid har søkt NVE om nettopp å auke slukeevna. Alternativet med å auke slukeevna innan for dagens maskinpark og vassveg er ikkje presentert. Søkt løysing gjev ein auke på kring 3 GWh. Kommunedirektøren saknar informasjon om kva produksjonsauke som kan ligge i optimalisering av slukeevna og eventuell oppgradering av dagens turbin og vassveg utan demning/regulering.

Samandrag/konklusjon:

Kommunedirektøren meiner viktige førsetnader ved ei utbygging er at grunneigarar/ fallrettseigarar sine interesser er ivaretekne på ein god måte gjennom avtaler som er/vert inngått. Det må gjerast ei heilskapleg vurdering av om fordelane ved utbygginga er større enn ulempene for lokalsamfunnet, ålmenta og andre samfunnsinteresser.

Tiltaket framstår isolert sett som lite omfattande. Utbygginga er rimeleg og utan tvil bedriftsøkonomisk gunstig. Samfunnsnyttan av søkt løysing som gjev kring 3 GWh ny energi er avgrensa.

Kommunedirektøren ser at det fleire konfliktfylte tilhøve med ei utbygging, knytt til almenne interesser som landskap, natur, naturmangfald, brukarinteresser og friluftsliv:

- Dam vil bli etablert i eit sårbart høgfjellsområde med store lokale, regionale og nasjonale brukarinteresser. Den vil bli synleg frå rute til Kvamshesten og frå andre stadar i fjellområdet
- Omdømme/og populæritet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka.
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep
- Selsvatnet ligg sentralt i Sunnfjord kommune sin del av fjellområdet som er inkludert i Fjordkysten Regional og Geopark. Området har store geologiske verdier. Det er søkt om Unesco status på parken
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstrøms inntak er urørt
- Det er risiko for at arten Kystflope kan misse leveområde. Reduksjon av vassføring og tap av flaumar vil ha innverknad på arten sine leveområde

Konsesjonsøknaden har på fleire av desse områder manglande vurderingar. Kommunedirektøren merkar seg også at privatretslege tilhøve mellom kraftverkseigar og grunneigarar i området, synast uavklart.

Kommunedirektøren ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Men han meiner søkt løysing har konsekvensar som samla peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon av ca. 3 GWh/år rein kraft) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser. Kommunedirektøren finn det vanskeleg å tilrå at Selselva kraft AS skal få konsesjon. Han meiner Selselva kraft AS, primært bør jobbe mot alternative løysingar innanfor arealbruken til dagens kraftverk.

Dersom formannskapet kjem til ein annan konklusjon i høve interesseavveging mellom nytten av tiltaket og dei samfunnsomsyn som vert skadlidande, **kan ei alternativ vedtaksformulering vere som følgjer:**

"Sunnfjord kommune tilrår at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 840 og HRV på kote 841, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s. Kommune finn at den auka kraftproduksjonen veg opp for dei negative konsekvensane tiltaket medfører i høve andre samfunnsomsyn.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing/vurdering og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon og at NVE vurderer om det kan setjast vilkår om avbøtande tiltak som kan kompensere for noko av ulempene ved omsøkte tiltak.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent".

Førde, den 03.04.2024

Terje Heggheim
kommunedirektør

Jan Inge Hage
kommunalsjef

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Formannskapet 16.05.2024:

Endringsframlegg frå H, Ap og V, fremja av Anne Lilleaasen (H):

1. Nytt kulepunkt 1
*Den allereie eksisterande utbygginga i Selselva gir relativt godt energiutbytte, vurdert opp mot storleiken på vassdraget. Endringane vil ikkje vil auke kraftproduksjonen nemneverdig og berre gje ein helt marginal energigevinst.
2. Kulepunkt som utgår
Selevatnet litt sentralt i Sunnfjord kommune sin del av fjellområdet som er inkludert i Fjordkysten Regional og Geopark. Området har store geologiske verdiar. Det er søkt om Unesco status på parken.

Avstemming:

H, Ap og V sitt tilleggsframlegg, pkt. 1, **vart vedteke** med 10 mot 1 stemme (MDG)
H, Ap og V sitt endringsframlegg, pkt. 2, **vart vedteke** med 10 mot 1 stemme (MDG)
Kommunedirektøren sitt framlegg, med vedtekne tillegg, vart **einstemmig vedteke**

FORM-083/24 Vedtak:

Sunnfjord kommune kan ikkje tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 840 og HRV på kote 841, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s.

- Den allereie eksisterande utbygginga i Selselva gir relativt godt energiutbytte, vurdert opp mot storleiken på vassdraget. Endringane vil ikkje vil auke kraftproduksjonen nemneverdig og berre gje ein helt marginal energigevinst.
- Dam vil bli etablert i eit sårbart høgfjellsområde med store lokale, regionale og nasjonale brukarinteresser. Den vil bli synleg frå rute til Kvamshesten og frå andre stadar i fjellområdet
- Omdømme/og popularitet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak er urørt
- Det er risiko for at arten Kystflope kan misse leveområde. Reduksjon av vassføring og tap av flaumar vil ha innverknad på arten sine leveområde

Konsesjonssøknaden har på fleire av desse områder manglande vurderingar.

Kommunen ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Søkt løysing har konsekvensar som samla peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Selselva kraft AS, bør sjå mot alternative løysingar innanfor arealbruken til dagens kraftverk.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing/vurdering og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

Vedlegg i saka:

Underskriftskampanje mot regulering av Selsvatnet